
Naustrett i Nøtlevågen.

1 message

Sverre Myrkaskog <smyrkaskog@gmail.com>

Tue, Feb 14, 2023 at 8:04 PM

To: Veslemøy Høvig <veslemoy.hovig@alver.kommune.no>

 20230212_121120.jpg 20230212_114701.jpg

Hei. Eg viser til brev Robert Mjøs, dat 14.05.2008 vedr. Gnr. 69/5 deling og skyldelingsforr av 30.11.1908. Eg og Inger Myrkaskog har overtatt denne naustretten fra Camilla Vaktkjold. Tinglyst på bruk nr 5 dat. 09.01.2023. Eg viser no til nest siste avsnitt: spørsmål om naustretten er å sjå på som grunneigedom eller bruksrett. I begge tilfelle skal det vera merker som viser avgrensing.

Eg har no funne merker som viser klart kor naustretten ligg. Sjå bilder. Bolt i stein i (sør) og mot (nord) er det borehol, men ikkje bolt.

Med helsing
Sverre Myrkaskog
6893 Vik i Sogn.
Mobil 91161286



Annabjørge Tjore og Jon Hallstein Tjore
Tjore Nedre

5938 SÆBØVÅGEN

Dykkar ref.

Vår ref.
08/269-2/08/3476//RMJ

Dato:
Manger: 14.05.2008

GNR 69/5 DELINGS- OG SKYLDELINGSFORRETNING AV 30.11.1908 - KRAV OM ENDRING I KARTVERK - FØREBELS SVAR

Me viser til motteke brev av 04.03.2008.

Delings- og skyldsetningsforretningen av 30.11.1908 beskriv at lina tek til som beskrive i utskiftningsforretning over Vaagstaules utmark mellom bnr 4 og 3 og endar ved x i stein ved sjøen (Dette pkt vart nymerka med bolt i fjell ved kartforretning for gnr 69 bnr 24).

I skyldskifte Pkt 1 Står det ” Hovedbruket skal ha retten til sjøstranden til den ved samme liggende nøsttomt, til gangsti ovenfor denne samt til gangsti fra nøsttomten til kjøreveien.”

Me ber om ei felles tilbakemelding på om nausttomten er å sjå på som grunneigedom eller bruksrett i begge tilfeller skal det vera merker som viser avgrensing det går ikkje fram av delings- og skyldsetningsforretningen.

Kan det vare andre rettar innafør området? Beskriv utskiftningsforretning over Vaagstaules utmark noko om det?

Med helsing

Robert Mjøs
avdelingsingeniør

Kopi til:

Leif Vakt skjold

Vågstaule

5938

SÆBØVÅGEN

Jon Halstein Tjore
5938 Sæhovågen



Radøy kommune
5936 Manger

Sæbo 04.03.08

Krav om endring av kartverk

Eg vil på vegner av mor mi Anna Bjørg Tjore, eigar av gnr br.nr 69 5 og 12, med dette be om at Radøy kommune endrar kartverket når det gjeld grensa mellom gnr br.nr 69 5 og gnr. br.nr 69 3 i Notlevågen. Vi meiner kartet er feil, og legg ved tinglyst delings og skylddelingsforretning av 30. november 1908, samt tinglyst skøyte av 12. juni 1914, som dokumentasjon på dette.

Eigar av 69 3 hevdar at vedkomande eig området nedanfor kommunevegen, ein parsell ned mot sjoen i ein breidde på rundt 10 - 11 meter. Vedlagde dokument viser heilt tydeleg at den utskilde parsellen 69 5, som er Anna Bjørg Tjore sin eigedom, går heilt til sjoen og følgjer strandlinja.

På s. 1 i nemnte skylddelingsdokument står det nøyaktig beskrive kvar eigedomsgrensa går. Når det gjeld forholdet til sjøkanten står det på side 1: ".....går over veien i østlig retning 21 meter til x i stor stein ved sjoen. Siden **følger parsellen strandlinjen** til førstnemnte skifteslinje mot bruk 4".

I skylddelingsdokumentet er det teke nokre atterhald, mellom anna:

"Hovudbruket (bruk 3) skal ha rett til sjostrand, til den ved samme liggende nøstetomt, til gangsti overfor denne samt til gangsti frå nausttomten til kjøreveien.

Dei same atterhalda er tekne i skøytet frå 1914. I skøytet side 2, viser ein og til skylddelingsdokumentet frå 1908, og presiserer at hovudbruket har "rett til sjostrand, naustomt og til gangstiane overfor denne". Dersom salet ikkje innebar området nedanfor vegen, ville det vel vore heilt unødvendig frå seljar å få inn desse atterhalda! Ein tek ikkje slike atterhald på eit område ein framleis eig.

Vi vil med dette hevde at bruk 3 på denne måten sikra seg å ha framleis bruksrett til den omtalte nausttomta og å sikre seg tilkomst til denne. Dette er vi ikkje usamd i. Men vi kan ikkje sjå at det ut frå dette er grunn til å hevde at nedste delen av denne parsellen, eit belte på 10 - 11 meter skal tilhøyre hovudbruket. Eg har heller ikkje sett annan dokumentasjon som støttar dette synet.

Eit anna moment som støttar vår syn er at det både i skoytet og i skylddelingsdokumentet er teke atterhald frå seljar at inntekt frå elva austom vegen (altså på det området bruk 69 3 hevdar å eige), skal delast mellom bruk 3 og 5. Dersom meininga var at alt nedom vegen skulle vere bruk 3 sin eigedom, var det vel ingen grunn for bruk 3 å krevje halvparten av inntekta frå ei elv som fullt og heilt ligg på bruk 3 sin eigedom?


Eg har ikkje sett andre offentlege dokument som støttar synet til bruk 3 i denne saka. På det offisielle kartverket ser det rett nok ut som at bruk 3 eig alt nedom vegen og vel så det, men både kommunen og jordskifteretten seier dette kartverket inneheld mange feil. Dette meiner vi heilt klart er tilfelle i denne saka.

Ut frå dei dokumenta eg har hatt tilgang til i saka synest det klart at bruk 5 eig til sjoen og at bruk 3 har ein naustrett på dette området, samt har rett til tilkomst via gangstiar til denne nausttomta. Omgrepet som veret brukt om bruk 3 sin "rett til sjostranden" meiner vi inneber bruksretten til nausttomta og rett til tilkomst til sjoen. Bruk 3 ville altså sikre seg rett til å kome til sjoen ved dette området etter salet. Denne retten er vi ikkje usande i, men vil hevde at det er 69 5 som fullt og heilt har eigedomsretten til området nedanfor vegen.

Eg legg og ved ei skisse over eigedomen som Gustav Bergås laga like etter at han hadde kjøpt eigedomen på slutten av 50-talet. Han gjekk opp heile parsellen og fann alle merkesteinane. Han var tydeleg ikkje i tvil om at han hadde kjøpt heilt til sjoen.

Eg vonar kommunen vil gå gjennom vedlagte dokument, samt å få ein uttale frå bruk 3 og eventuell dokumentasjon som bruk 3 støttar seg på. Dersom det ikkje kjem fram ny dokumentasjon i saka, bed eg om at kartverket vert endra slik at Anna Bjørg Tjore framstår som eigar av det omtalte området og at kommunen for framtida held seg til dette.

Vh


Jon Halstein Tjore


Anna Bjørg Tjore

Kopi sent:

Lief Vakt skjold, eigar gnr. 69, bruk 3.

Grunnboksinformasjon

HJEMMELSOPPLYSNINGER

Rettighetshavere til eiendomsrett

2021/870437-1/200 **HJEMMEL TIL EIENDOMSRETT**
14.07.2021 21.00 VEDERLAG: NOK 1 200 000
TJORE LYDIA HOEN
F.NR: 110994

HEFTELSE

Dokumenter fra den manuelle grunnboken som antas å kun ha historisk betydning, eller som vedrører en matrikkelenhets grenser og areal, er ikke overført til denne matrikkelenheten sin grunnboksutskrift.

Servitutter tinglyst på hovedbruket/avgivereiendommen før fradelingsdatoen, eller før eventuelle arealoverføringer, er heller ikke overført. Disse finner du på grunnboksutskriften til hovedbruket/avgivereiendommen. For festenummer gjelder dette servitutter eldre enn festekontrakten.

1908/900228-1/51 **BEST. OM ADKOMSTRETT**
03.12.1908 RETTIGHETSHAVER: KNR:4631 GNR:469 BNR:41
Bestemmelse om veg
Bestemmelse om naustplass
Bestemmelse om strand/fellesstrand/strandlinje

2023/24434-1/200 ** TRANSPORT
09.01.2023 21.00 FRA: KNR:4631 GNR:469 BNR:3
TIL: KNR:4631 GNR:469 BNR:41

1908/900228-2/51 **ERKLÆRING/AVTALE**
03.12.1908 RETTIGHETSHAVER: KNR:4631 GNR:469 BNR:3
"Rett til halvdel av årlig inntekt av årlig inntekt av "mutede skjerp" så lenge dette innbringer en fordel"
Uteglemt registrert
Rettet etter tingl. §18
06.01.2023. Arkivref. 23/00695-1

1908/900228-3/51 **ERKLÆRING/AVTALE**
03.12.1908 RETTIGHETSHAVER: KNR:4631 GNR:469 BNR:3
"Rett til halvdel av inntekt av del av elven som ligger østenfor kjøreveien"
Uteglemt tinglyst
Rettet etter tingl. §18
06.01.2023. Arkivref. 23/00695-1

1953/1509-2/51 **BESTEMMELSE OM GJERDE**
22.04.1953 OVERFØRT FRA: KNR:4631 GNR:469 BNR:12

1957/4345-2/51 **BESTEMMELSE OM VANNRETT**
29.10.1957 RETTIGHETSHAVER: KNR:4631 GNR:469 BNR:21
Bestemmelse om vannledning
OVERFØRT FRA: KNR:4631 GNR:469 BNR:12

Kommune: 4631 ALVER

Gnr: 469 Bnr: 5

2021/1487892-1/200
25.11.2021 21.00

BESTEMMELSE OM VANN/KLOAKK

KAN IKKE SLETTES UTEN SAMTYKKE FRA: ALVER KOMMUNE

ORG.NR: 920 290 922

Bestemmelse om solidaransvar

GJELDER DENNE REGISTERENHETEN MED FLERE

GRUNNDATA

1908/900114-1/51
03.12.1908

REGISTRERING AV GRUNN

DENNE MATRIKKELENHET OPPRETTET FRA: KNR:4631 GNR:469

BNR:3

2020/1580798-1/200
01.01.2020 00.00

OMNUMMERERING VED KOMMUNEENDRING

TIDLIGERE: KNR:1260 GNR:69 BNR:5

2021/895083-1/200
20.07.2021 12.43


SAMMENSLÅING

DENNE MATRIKKELENHET SAMMENSLÅTT MED: KNR:4631 GNR:469

BNR:12

ELEKTRONISK INNSENDT

For eventuelle utleggs- og arrestforretninger, samt forbehold tatt ved avhendelse, som tinglyses samme dag som andre frivillige rettsstiftelser, gjelder særskilte prioritetsregler, se tinglysningsloven § 20 andre ledd og § 21 tredje ledd.



Situasjonskart -

Dato: 20-02-2023

NHdigi.no

Målestokk: 1:1 000

30m